

---

Vår referanse 2020/75285-4  
Dato 26.11.2020

---

Deloitte AS

## Partsbrev - Anmodning frå hovudutval for kultur, idrett og integrering om forvaltningsrevisjon

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 110/20 fra møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 27.01.2021.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:  
Hovudutval for kultur, idrett og integrering

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet	110/20	25.11.2020

**Anmodning frå hovudutval for kultur, idrett og integrering om forvaltningsrevisjon****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 27.01.2021.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.11.2020****Handsaming i møte**

Etter sams drøfting vart kontrollutvalet enige om å be Deloitte gjennomføre forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune.

Det kom fram slike moment:

- Må gjelde ulike sektorar i fylkeskommunen
- Oppfølging og kontroll av mottakarar frå administrasjonen
- System og rutinar
- Kriterie for tildeling
- Handtering av søknader
- Transparens
- Mv.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 27.01.2021.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til anmodning frå hovudutval for kultur, idrett og integrering om forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Sak til KUV frå hovudutval for kultur, idrett og integrering 15.10.2020
- 2 Notat sladda versjon - kontroll av tilskotsmottakar UngVest

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII) gjorde slikt vedtak i møte 15.10.2020:

*«Notatet oversendast kontrollutvalet for vurdering og eventuell vidare behandling.*

*Utvalet ber kontrollutvalet vurdere å sjå på tilskotsforvaltninga i sin heilskap med fokus på kontroll og etterprøvbarheit av midlar som blir løyvd frå fylkeskommunen.»*

Saksframlegg og vedtak frå møte i KULII 15.10.2020 ligg ved som vedlegg 1. Vi har også motteke frå kulturavdelinga ein sladda versjon av notat som det vert vist til i vedtaket som ligg ved som vedlegg 2.

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

### Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 12.10.2020 vart det gjennomført prosessmøte 2 i samband med plan for forvaltningsrevisjon. I dette møtet prioriterte kontrollutvalet dei enkelte prosjekta og «Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar» vart sett opp som førebels nr. 6 blant dei prioriterte prosjekta.

I analysedokumentet, vedlegg til sak om plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet, som ligg til grunn for prioriteringsarbeidet, står det m.a. følgjande som aktuelle tema på side 67 for dette prosjektet:

- *System og rutinar*
- *Kompetanse*
- *Ulike regime for tilskotsforvaltning*
- *Transparens*
- *Oppfølging av mottakarar*

Vidare står det m.a. dette i det same dokumentet på side 23 under Kultur, idrett og inkludering og på side 30 under Innovasjon og næringsutvikling

#### *«Observasjonar:*

*Det blir opplyst i intervju at Sogn og Fjordane og Hordaland hadde ulike rutinar for tilskotsforvaltning, men at fylkeskommunen er i gong med å lage eit felles system.*

*Det blir i undersøkinga peika på at det er risiko for at tilskotsforvaltninga ikkje har vore tilfredsstillande med omsyn til etterrettelegheit, openheit, transparens og habilitet.*

*I intervju blir det frå politisk hald opplyst at tilskotsforvaltning kan vere eit tema for forvaltningsrevisjon, både knytt til vurdering av søknader, oppfølging og etterkontroll av tildelte tilskot. Det blir vist til at Deloitte nyleg gjorde ein forvaltningsrevisjon av ein tilskotsmottakar, men at utfordringane på område truleg er større enn førre forvaltningsrevisjonen avdekkja. Den intervju er bekymra for at kontrollen av dei som mottar tilskot er for dårleg og at særleg den økonomiske kompetansen blant mottakarane er for låg. Det blir også i andre intervju og i spørjeundersøkinga peika på at tilskotsforvaltninga kan vere tema for forvaltningsrevisjon, særleg fordi fylkeskommunen har fleire system for tilskotsforvaltning i dei ulike avdelingane. Det blir m. a kommentert at nokre avdelingar har ordningar der administrasjonen har fullmakter til å fordele summar, medan andre har ordningar kor alt skal handsamast politisk.*

*I undersøkinga blir det foreslått å sjå på fylkeskommunen sin samla tilskotsforvaltning (kultur og næringstilskot).»*

Som det går fram av teksten over vert det vist til at Deloitte nyleg har gjort ein forvaltningsrevisjon av ein tilskotsmottakar og at utfordringane på område truleg er større enn førre forvaltningsrevisjonen avdekkja. Tilskotsmottakaren som vart undersøkt er UngVest som vedlagte notat omhandlar.

Av konklusjon i punkt 5 på side 29 i notatet går det fram m.a. dette:

*«Det er Deloitte si vurdering at UngVest dei siste åra ikkje har hatt ei drift som sikrar at tilskotsmidlar blir nytta i samsvar med føresetnader og krav som er knytt til tildelinga av tilskot.*

*UngVest er ein frivillig medlemsorganisasjon, og det kan ikkje stillast like strenge krav til system og rutinar som for ei større verksemd. Likevel forvaltar organisasjonen offentlege tilskotsmidlar, og dette set etter Deloitte si vurdering krav til god styring og kontroll av verksemda for å sikre at offentlege midlar blir nytta slik dei er tiltenkt. Deloitte meiner at UngVest dei siste åra ikkje har ivaretatt sitt ansvar for å forvalte organisasjonen på ein tilfredsstillande måte.»*

*«Oppsummert meiner Deloitte at UngVest ikkje har etablert internkontroll tilpassa verksemda sin storleik og risiko, noko som etter Deloitte si vurdering fører til manglande styring og kontroll med verksemda, og aukar risiko for feil og mislegheiter. Deloitte meiner det er ikkje er tilfredsstillande at styremøtereferat, protokollar og anna viktig informasjon ikkje i tilstrekkeleg grad blir arkivert elektronisk og at vi blir vist til ulike einkildpersonar for å få tak i slike dokument, om dei i det heile tatt finst. Dette gjer det vanskeleg å ettergå kva som er gjort av vedtak, aktivitetar og avgjersler i organisasjonen. Deloitte vil vidare understreke at det er fleire forhold som er påpeika i undersøkinga som det ikkje er mandat for å undersøke nærare i dette oppdraget. Som vist i notatet er det også for fleire av forholda presentert motstridande informasjon og lagt fram ufullstendig dokumentasjon. Deloitte kan difor ikkje utelukke at det er andre vesentlege manglar som ikkje er dekkja av notatet.»*

Ut frå det som går fram av analysedokumentet er det mykje som talar for at det kan vera tilsvarande utfordringar hjå fleire tilskotsmottakarar. Vidare går det også fram at det kan vera utfordringar med dei interne rutinane i Vestland fylkeskommune på dette området. Dette gjeld både innan kultur, idrett og integrering og innan innovasjon og næringsutvikling.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av som går fram over vert det tilrådd et kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune. Vidare vert det tilrådd at forslag til prosjektplan skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.